



Reidun Sundt,
Postboks 31,
5937 Bøvågen.

Gjeld kloakkutslepp frå eigedomen gnr.30, bnr19/26 på Vågenes.

Det ligg føre ny søknad datert 28.06.00 om utsleppsløyve frå fritidsbustad. Søknaden gjeld no utslepp til sjø via slamavskiller.

Kommunen har tidlegare gjeve løyve til å nytta minirensanlegg som renseløysing. Dette er ei løysing som er i strid med regelverket og vart såleis oppheva av Miljøvernavdelinga ved Fylkesmannen.

Saka vart sendt attende til Radøy kommune som no har sett på saka på ny.

Resipienten er god, men ikkje lett tilgjengeleg. I samarbeid med søkjar har ein likevel funne fram til ein høveleg trase for legging av utsleppsleidning til sjø. Det er og henta inn løyve til å liggje leidninga over naboen sin eigedom.


Ved valg av slamavskiller har sakshandsamar teke omsyn til at det seinare kan verta aktuelt å søkja om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad. Dette i samråd med søkjar.


I MEDHALD AV DELEGASJONSREGLEMENT I RADØY, JF. VEDTAK I KOMMUNESTYRET DEN 16.12.99, OG RÅDMANNEN SIN DELEGASJON I SKRIV AV 22.12.99 GODKJENNER TEKNISK SJEF:

Med heimel i "Forskrift om utslipp fra separate avløpsanlegg" § 6 og i samsvar med retningslinjene for utforming og drift av separate avlaupsanlegg, vert gjeve løyve til utslepp av kloakk på følgjande vilkår:

1. Kloakken må først gjennom forskriftsmessig slamavskillar - 3-delt med eitt samla vassvolum på min. 4 m³. Slamavskillaren må få ei slik plassering at det er tilkomsthøve med tankbil for tøming. Det er berre NGIR som har løyve til å føretaka slamtømming i Radøy kommune.
2. Etter slamavskiller må avlaupet først vidare til open sjø slik teknisk etat vil krevja.
3. Søkjar er sjølv ansvarleg for å få løyve frå dei naboeigedommar utsleppet må først over.

Manger 08.06.00


Einar Borgund
tekn. sjef.


Einar Færø.
Driftsleiar.

Kopi: Miljøvernavdelinga v/ Britt Solheim, Walcendorfsgt.6, 5012 Bergen.